

Preses Olav Fykse Tveit

Preike på gudsteneste i Grue Finnskog kirke, Svullrya

21. juni 2026

Skogfinnenes dag

Tekst: Markus 10, 17-27

Gratulerer med dagen!

Takk for invitasjonen til å vere med å feire Skogfinnenes dag her i Grue Finnskog. Det er ein stor dag å få vere med på, der rikdomen i den skogfinske kultur vert løfta fram.

Men det ligg òg ein skugge over det vi samlast om, med erkjenning av kva fornorskinga førte til for den skogfinske kulturen. Dette kom til uttrykk med stort alvor i Sannhets-og forsoningskommisjonens rapport. I ein ny rapport vi har fått denne veka om Den norske kyrkjas ansvar, les vi om skjulte ressursar i skogfinsk tru og kultur. Det vert teikna eit bilete av alvor, men også av håp. Fleire håpsteikn kjem særleg fram i det vi høyrer om den skogfinske kristentruas nærleik til naturen.

Det er noko av den samme doble budskapet som kjem til oss i dagens evangelium, som endar med orda av Jesus:

«Alt er mogleg for Gud.»

Det er eit stort løfte og grunn til håp, særleg når vi kjenner skuggen som kjem over oss når vi innser det vi ikkje klarar.

Rapportane om det som har skjedd med fornorskinga av urfolk og nasjonale minoritetar, fortel oss om noko som vi ikkje kan gjere om att. Den vonde arven vi som storsamfunn har, og som kyrkja har eit medansvar i, er vorte meir kjent for oss dei siste åra.

Mykje kan vere vanskeleg, ja, kan verke umogeleg for oss menneske. Også for dei sterke som har mykje, ja, kanskje særleg for dei.

Slik det var for den unge, rike mannen som ikkje klarte å frigjere seg får si binding til sin rikdom. Det er heller ikkje i dag ein fjern tematikk. Ein kan bli så bunden til rikdom at det styrer alle våre prioriteringar. Det kallar Jesus å dyrke Mammon. Det er ikkje blitt mindre av det med åra. Då blir det fokus på alt vi har - og det blir også alt vi har (som Ole Paus fekk sagt det).

Gud, vår skapar, vil frigjere oss frå det som bryt ned livet og fellesskapet i det menneskelege mangfaldet og i naturen. Det skadelege kan vere i oss eller mellom oss, i vår eiga haldning eller i urettferdige samfunnsstrukturar.

Forteljinga om den unge rike mannen vert som eit bilete på vår tid og vår sivilisasjons situasjon. Særleg tydeleg vert det nettopp i vårt forhold til naturen – som vi alle er ein del av. Vårt forbruk bryt ned naturens balanse som livsvilkår for alt som lever. Mange artar vert borte for alltid kvart år. Mange av desse skadene kan ikkje reverserast.

Klimaet vert endra, særleg på grunn av livsstilen i dei rikaste landa i denne verda. Dei som er mest utsette for skadene med flom og brannar er dei som har gjort minst for at dei skjer. Stadig større delar av Guds skaparverk er trua. Dermed er også vi trua. Også i vårt land har menneske fått merke dette.

Vi treng på fleire måtar å bli berga. «Frelse» vert det også kalla i Bibelens tekstar.

Vi ber om det kvar gong vi seier vårt Fadervår: «Men frels oss frå det vonde». Det er ikkje alltid vi skjønar kva vi ber om. Stundom blir det tydelegare for oss.

-

Om det tragiske vert tydeleg for oss i naturen, er det også nettopp i i naturen håpet møter oss. I naturen skaper Gud stadig noko nytt. På denne tida av året kan eg gå ut kvar morgon og sjå korleis det er noko i hagen som har vakse sidan i går. Det er ikkje så lenge til vi kan plukke blåbæra i skogen.

I naturen møter vi Gud som kjelde til liv. Når Gud vil gje liv til oss menneske, til dyr og planter, ja, alt liv, gjer Gud det gjennom naturen.

Når Gud vil berge oss, frelse oss menneske, brukar også Gud på ulikt vis naturen og dens gåver til oss.

Når Gud vil gje håp til oss menneske, viser Gud Ande korleis vi er samanvevde med Guds skaparverk og kraft.

Dette er ein djup samanheng i mange av dei bibelske tekstane og forteljingane. Vi høyrer gjenklang av dette i tekstar og salmar frå den skogfinske kulturen. Noko av det får vi del i gjennom denne gudstenesta. Det er noko vårt og vakkert i den visdomen, som vi kan høyre i ein av salmane vi skal syngje i dag:

Fuglar syng av lyst og glede

her er sommarluft og fryd,

biene har nettopp vakna,

alt blir fylt med sommarlyd.

Livet syng og sola lyser

klart frå Kristi kyrkje nå.

Sommarsola over krossen

Viser kven vi ventar på.

Gud gir oss liv, og frelse og håp. I naturen og i kyrkja.

Trua er noko som eg har inni meg som tillit, som lengting og von etter noko meir.

Men trua er ikkje berre noko indre, den knyter oss til den store samanhengen vi lever i.

Vi treng alle - som den unge, rike mannen – å bli berga frå å ha nok med oss sjølve og å verte oss sjølve nok. Det skjer når vi opplever og forstår at vi høyrer til i ein større samanheng, ja at vi sjølve er ein del av Guds store skaparverk, og tar konsekvensen av det.

Å lytte etter skogens sus og fuglesongens mangfald er å kome i nær kontakt med denne røyndomen, ja, med Gud.

Skogfinnane takka Gud for rugen som veks, og dei kalla den «Gudslånet».

Dette er opplevingar og erkjenning som kan frigjere oss menneske. Frie til å sjå kvar vi kjem i frå og kvar vi høyrer til. Men også frie til å ta ansvar for den samanhengen vi lever i.

Gjennom erkjenninga og oppgjer med det som er galt, får vi del i Guds nåde.

Å leve i Guds rike er å verte frigjort til å leve her og no, i Guds skaparverk, i Guds gode vilje med heile sin skapning. Guds rike er her og no, i mellom oss og inni oss.

-

I tekstar frå den skogfinske kulturen finn vi ei tydeleg tru på Jesus Kristus. Vi skal i dag seie fram den nicenske truedkjenninga, som vi har saman med dei ortodokse kristne tradisjonar. Innvandrar frå aust hadde eit nært forhold til det. Der heiter det: «For oss menneske og til vår frelse – steig han ned frå himmelen, og ved Den Heilage Ande og av jomfru Maria vart han menneske av kjøt og blod.»

Gud vart menneske. Ein av oss. For å frelse oss.

Vi kan åpne oss for den frelsa Gud vil gje – og seie «ja» til å følge Kristus.

I denne frelsa ligg også det å seie «nei» til noko. Det er det vi luthersk katekisme og vår dåpsliturgi kallar «forsakelse». Det er eit bevisst «nei». Nei til å tvihalde på sitt eige, som den rike unge mannen gjorde. I vår tid er det også «nei» til å utnytte naturen, slik at det vert leveleg for dei som kjem etter oss. Det er eit «nei» til å godta undertrykking og urettferd i den tida vi lever i.

-

Samanhengen mellom Guds frelse og naturen møter vi i også i kyrkjjas sakrament:

Dåpen er vatnet som gir liv til alt som lever. Vatnet reinsar og vaskar oss menneske. Sjølv om Jordanelva no er som ein liten bekk, gjer det inntrykk å kome dit og tenkje over at Jesus sjølv ville bli døypt og ha del i dette teiknet. Dåpen gir liv til oss i ein større samheng, i den verdsvide kyrkja. Det som bind oss, syndas makt og kraft, kan bli vaska, tekne bort.

Nattverdrødet er bakt av jordas grøde, av kornet som Gud lar vekse opp av jorda, som vi kan male og forme med våre henders verk. Det er det vi gir tilbake til Gud. Vi legg det på altaret når vi skal feire nattverd i visse om at det høyrer Gud til. For alt høyrer Gud til. Men der på altaret møter Gud oss og gir oss brødet tilbake, og gir oss del i den frelse Jesus kom med.

Dåpen og nattverden knyter oss slik både til Guds skaparverk og i det Jesus kallar Gudsriket.

-

Vi har ei kyrkje som gir oss ord til erkjenninga av det som har gått galt. Vi treng også kyrkja for å gi næring til vårt håp om at Gudsriket med alle sine gode krefter er midt iblant oss, og verkar her. Livets kjelde er her. Det er livets Ande, livets Gud, livets kraft. Guds nærvær er ikkje noko vi konstruerer eller manar fram, men noko som nettopp er her. I skogen, i marka, i havet, i lufta. I oss, i kyrkja.

Det er tid for å gå tilbake til røter som vi kanskje ikkje visste vi hadde. Der kan vi finne vegar mot ei betre framtid. Ikkje berre for å sjå det vakre i naturen, men for å vere det vi er, som del av alt det skapte, i alt sitt mangfald, med det ansvaret Gud har gitt oss.

Denne dagen viser oss at det er ein nær samanheng mellom forsoning med kvarandre, med naturen og med Gud.

For alt er mogleg for Gud.

Alt kan samlast i takken til Gud, livets kjelde.

Det skal vi gjere med ord frå den skogfinske arven:

*Gode Gud, vi takker deg
gladelig synger vi Hans pris.*

Alle skapninger stem i,

Ære være Skaperen.

Alt som har fått liv og ånd,

takk Ham gledelig, ja kom,

Lov den gode Gud med fryd,

Halleluja, store Gud!

(Herraa hyvää kiittäkää - Jesper Swedberg 1964. O: G Bjørdal, H. Wright 2026)

Amen!